

---

Saksnr: 2020/46236-2  
Saksbehandlar: Bjørn Snorre Waage

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

**Regional plan for Nordfjella med Raudafjell. Handlingsprogram 2021-2024.**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek med heimel i plan- og bygningslova §8-1 handlingsprogram for 2021-2024 som oppfølging av Regional plan for Nordfjella med Raudafjell.
2. Fylkestinget i Vestland oppnemner følgjande to nye personar i Nordfjellarådet  
Medlem:  
Varamedlem:
3. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til å vidareføre intensjonsavtalen med Viken fylkeskommune for oppfølging av regional plan, for åra 2021-2024.
4. Det vert forutsett likelydande vedtak i pkt. 1-4 i Viken fylkesting.

Samandrag

Fylkesrådmannen anbefaler fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel i plan- og bygningslovens §8-1. Då det er to fylkeskommunar involvert, er det ein føresetnad at ein får likelydande vedtak.

Det var eit samstemt Nordfjellaråd som anbefalte dette reviderte handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få det vedtatt med like vedtak i dei to fylka slik at vidare oppfølging kan bli igangsett og prioritert.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Handlingsprogram 2021-2024.
- 2 Nordfjellarådet\_Referat\_13.okt.2020
- 3 Intensjonsavtale\_Signert
- 4 Administrativ gruppe og Nordfjellarådet

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinga i Buskerud, i Hordaland og i Sogn og Fjordane vedtok i juni 2014 Regional plan for Nordfjella med Raudafjell (2014- 2025). Planen (planrapport og plankart) finn de på heimesida.

Bakgrunnen for det regionale plansamarbeidet var eit initiativ frå Miljøverndepartementet i 2007 der dei oppfordra fylkeskommunane til å utarbeide regionale planar for dei viktigaste villreinområda i landet. Hensikta var å ta vare på villreinen sine viktigaste leveområde, samstundes som det skulle gje moglegheiter for bruk av fjellet. I brev datert 12. april 2007 beskreib departementet oppdraget mellom anna med at planane skulle «*fastsette langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder*». Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar samarbeida med bakgrunn i dette om Regional plan for Nordfjella 2014-2025.

Då Nordfjellareinen tidvis hadde teke i bruk Raudafjell, vart også dette fjellområdet inkludert i planarbeidet. Ei viktig føring i den regionale planprosessen var også ein felles kommunedelplan for planområdet som blei utarbeida på 90-tallet.

Det regionale planarbeidet vart leia av ei styringsgruppe med politikarar frå alle aktuelle kommunar og fylkeskommunar, samt leiinga hjå fylkesmennene og i villreinnemnda. Styringsgruppa starta prosessen hausten 2010 og avslutta sitt arbeid med ein felles anbefaling i 2014. Fylkestinga i dei tre fylka hadde planen til slutthandsaming i juni 2014. Fylkestinga vedtok samstemdt det planforslaget som styringsgruppa hadde tilrådd.

### *Handlingsprogram 2015-2018*

I 2015 - 2016 vart eit handlingsprogram for oppfølging av den regionale planen vedteken. Som ledd i oppfølging av dette, vart Nordfjellarådet etablert. Nordfjellarådet var i praksis ei vidareføring av styringsgruppa for planarbeidet, men supplert med ein representant frå villreinutvalet.

I 2016 vart CWD (skrantesjuka) påvist på villrein i Nordfjella. Denne svært alvorlege situasjonen medførte at vidare oppfølging av handlingsprogrammet i stor grad vart utsett.

### *Handlingsprogram 2021-2024*

Det er no behov for å revitalisere Nordfjellarådet, og å styrke oppfølginga av den regionale planen. Som ledd i dette vert det fremja eit revidert handlingsprogram for åra 2021-2024. Sjå vedlegg.

## Fakta

### *Juridisk grunnlag*

Plan- og bygningslova gir rammer for regionale planar, og handsaming av handlingsprogrammet:

#### § 8-1.Regional plan

Regional planmynde skal utarbeide regionale planar for dei spørsmål som er fastsett i den regionale planstrategien.

.....

Som del av regional plan skal det samstundes lagast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen.

Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmynde. Behovet for rullering skal bli vurdert årleg.

### *Om handlingsprogram 2021-2024*

Handlingsprogrammet byggjer på handlingsprogram for 2015-2018. Nokre av tiltaka i det tidlegare handlingsprogrammet vert vurdert som mindre aktuelle i dag og er derfor teken ut. Innhaldet i nokre av tiltaka er vidareutvikla og tilpassa noverande situasjon, og nokre nye tiltak er foreslegne.

Handlingsprogrammet for 2021-2024 er delt i følgjande hovudbolkar:

- Nordfjellarådet sine oppgåver (kap. 2)

- Kommunal og regional oppfølging av den regionale planen (kap. 3)
- Konkrete tiltak og prosjekt (kap. 4) som er lista stikkordsmessig nedanfor:
  1. Oppfølging av fokusområde
  2. Felles sti- og løypeplan
  3. Villreinfokus i vilkårsrevisjonar
  4. GPS-merkeprosjektet for Hardangervidda og Nordfjella
  5. Mennesket og reinen
  6. Jaktkultur i Nordfjella
  7. Klimaendringane sin effekt på villreinen sine leveområde
  8. Bekjemping skrantesjuka/CWD

Det vert vist til vedlagte handlingsprogram for meir informasjon. Desse tiltaka skjer/skal skje dels i regi av partane i Nordfjellarådet, dels i samarbeid med andre, og dels i regi av andre. Felles for alle tiltaka er at dei er overbyggande og viktige for å følge opp den regionale planen sine intensjonar. Det reviderte handlingsprogrammet er utarbeida gjennom dialog mellom administrasjonen i Vestland og Viken fylkeskommunar, og i samarbeid med ei administrativ gruppe med representantar frå alle aktuelle kommunar, fylkesmenn, villreinnemnda og villreinutvalet. Nordfjellarådet drøfta handlingsprogrammet i sitt møte 13.10.2020, og anbefalar at vedlagte handlingsprogram vert vedteke.

#### *Om Nordfjellarådets samansetting*

Tidlegare praksis har vore at Nordfjellarådet sine medlemmer er ein politikar frå kvar kommune, ein politikar frå kvar fylkeskommune, ei representant frå kvar av fylkesmennene, leiar av villreinnemnda og leiar av villreinutvalet.

Fylkestinget i Vestland har for perioden 2019-2023 oppnemnd Jon Ove Lomheim som medlem og Tore Landmark som varamedlem. Fylkestinget i Viken har oppnemnd Steinar Berthelsen som medlem og Hanne Lisa Matt som varamedlem.

Nordfjellarådet konstituerte seg i sitt møte 13.10.2020.

Rådet gjenvalet Steinar Berthelsen, Viken fylkeskommune, som leiar. Trygve Skjerdal, ordførar i Aurland kommune, blei vald som nestleiar. Med bakgrunn i at det etter regionreformen no berre er to fylke involvert og fylkeskommunane er eigarane av planen, er det i handlingsprogrammet foreslått at begge fylkeskommunane frå no skal oppnemne to medlemmer kvar til Nordfjellarådet.

Det vart i 2019 oppretta eit eige villreinutval for Raudafjell. Nordfjellarådet foreslo i sitt møte 13.10.2020 at også leiar i dette utvalet skal bli invitert som medlem i Nordfjellarådet.

#### *Om Nordfjellarådets sekretariat*

Nordfjellarådet har behov for eit lite sekretariat for å koordinere og å følgje opp planarbeidet og diverse prosjekt. Det er naturleg at ein av fylkeskommunane påtek seg dette.

Det er anslått eit behov på om lag 15% årleg stilling til den løpande oppfølginga. Når vertsfylket held kontor og timeressursar, vert det estimert at kostnader for sekretariatsleiing er 150.000 kr. pr. år.

Det er inngått ei samarbeidsavtale mellom Vestland og Viken fylkeskommunar for 2020 om dette, med intensjon om vidareføring for 2021-2024. (Sjå vedlegg). Vidareføring frå 2021 forutset politisk aksept.

Avtalen inneber at Viken fylkeskommune tek på seg sekretariatsansvaret som eigeninnsats. Vestland fylkeskommune yter eit tilskot på 100.000 pr. år, som vert øyremerka oppfølging av handlingsprogrammet. Det vert i tillegg forventa ein eigeninnsats tilsvarande anslagsvis 50.000 kr. pr. år frå Vestland fylkeskommune for å støtte sekretariatet og forankre planarbeidet i eigen organisasjon.

Det vert forutsett eigeninnsats frå medlemmane i både Nordfjellarådet og i den administrative gruppa i form av eigen tid og egne reisekostnader, eventuelt også opphaldskostnader ved større møter.

#### *Om Nordfjellarådets oppgåver*

I handlingsprogrammets kap. 2 er Nordfjellarådet sine oppgåver definert. Det er beskive slik:

- *Rullere handlingsprogrammet minst kvart fjerde år. Disponering av Nordfjellaplanen sine handlingsprogrammidlar er del av dette. Nordfjellarådet si anbefaling vert vidaresendt for slutthandsaming i fylkeskommunane.*
- *Behandle årleg statusrapport for handlingsplanen. Som ledd i dette*

- *vurdere behovet for rullering av handlingsprogrammet*
- *ta stilling til eventuell omdisponering av Nordfjellaplanen sine handlingsprogrammidlar.*
- *Vere referansegruppe og dialogarena for handlingsprogrammet sine prosjekt.*
- *Vere styringsgruppe for rullering av regional plan når dette etter kvart blir aktuelt. Tidspunkt vert avgjort i fylkeskommunane sine respektive planstrategiar.*
- *Vere arena for*
  - *erfaringsutveksling, m.a. om kommunane si oppfølging av regional plan og om kommunale forvaltningsoppgåver med sikte på mest mogleg lik praksis.*
  - *bygge opp felles kunnskap om mellom anna villrein, CWD, fjellbasert næringsutvikling og friluftsliv.*
- *Ha dialog med eksterne aktørar der dette er naturleg*
- *Samarbeide med Hardangerviddarådet når dette er naturleg.*
- *Det er forventa at medlemmene i rådet vil rapportere til sine respektive organ om det pågåande arbeidet med oppfølging av den regionale planen.*

Desse presiseringane gir Nordfjellarådet tydelege rammer for sitt arbeid.

### Vurdering

#### *Om Nordfjellarådet si samansetting*

Fylkesrådmannen anbefaler, i samsvar med Nordfjellarådet sitt forslag, å styrke Nordfjellarådet med ytterlegare eitt medlem frå kvar av dei to fylkeskommunane, samt å supplere med leiar i det nyoppretta villreinutvalet for Raudafjell. Styrking av fylkespolitisk deltaking vil sikre betre forankring blant fylkespolitikarane. Forslag om å invitere med leiar av Raudafjell villreinutval vil ivareta rettigheitaverane sine interesser i heile planområdet.

Dersom fylkestinget er samd i å utvide rådet med ytterlegare ein representant frå kvar av fylkestinga, ber ein om at nytt medlem med vara vert oppnemnd frå begge fylkeskommunar.

#### *Om Nordfjellarådets sekretariat*

Fylkesrådmannen meiner avtalen mellom dei to fylkeskommunane er ei god løysing som sikrar føreseielege rammer for alle partar, og anbefaler at fylkestinget sluttar seg til intensjonsavtalen for perioden 2021-2024.

Avtalen sikrar eit årleg påfyll av midlar til å følge opp handlingsprogrammet. Dette er viktig for å kunne gjennomføre handlingsprogrammet.

Det er ikkje forutsett ytterlegare økonomiske bidrag frå fylkeskommunane til oppfølging av handlingsprogrammet.

#### *Om handlingsprogrammet*

Fylkesrådmannen tilrår med bakgrunn i dette, fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel i plan- og bygningslovens §8-1. Då det er to fylkeskommunar involvert, er det ein føresetnad at ein får likelydande vedtak. Det var et samstemt Nordfjellaråd som tilrår dette reviderte handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få dette vedtatt med like vedtak i dei to fylka slik at vidare oppfølging kan bli igangsett og prioritert.

#### Vedtakskompetanse

Saka vert slutthandsama i Fylkestinget, i tråd med plan- og bygningslova §8-1.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket inneber at Vestland fylkeskommune yter eit tilskot på 100.000 pr. år som vert øyremerka oppfølging av handlingsprogrammet. I tillegg kjem eigeninnsats som vert stipulert til 50.000 pr. år.

**Klima:** Handlingsprogrammet vil ikkje ha nokon effekt på klima. I handlingsprogrammet ligg det eit prosjekt (Klimaendringane sin effekt på villreinen sine leveområde) som vil gje auka kunnskap om framtidig klima, og klimaendringane sin effekt i fjellområda. Dette vil kunne gje ei betre og meir berekraftig forvaltning av sårbare økosystem.

**Folkehelse:** Prosjekt om sti- og løypeplanar er meint å minimere konfliktpotensialet mellom villrein og menneskeleg ferdsle i villreinområda, samt betre leggje til rette for friluftaktivitet. Dette er positiv for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Oppfølging i tråd med regional planstrategi.

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen anbefaler fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel i plan- og bygningslovens §8-1. Då det er to fylkeskommunar involvert, er det ein føresetnad at ein får likelydande vedtak.

Det var eit samstemt Nordfjellaråd som anbefalte dette reviderte handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få dette vedtatt med like vedtak i dei to fylka slik at vidare oppfølging kan bli igangsett og prioritert.